

Pressemelding:

Satsar saman for ei framtidretta utvikling

Med Utgangspunkt i arbeidet med berekraft som skjer i FN Programmet U4SSC og organisasjonen United Cities, Ålesund kommune v/United Future Lab Norway (Framtidslaben) har inngått ein intensjonsavtale med NHO Møre og Romsdal, NTNU, fylkeskommunen, kommunane Molde og Kristiansund, selskapa AugmentCity og The North West.

- vår region, vekker nasjonal og global merksemd. Framtidslaben med partnerar, FN og United Cities med si etablering i fylket, Møre og Romsdal fylkeskommune med si satsing som berekraftsfylke nummer 1, sit samla sett på ei verdikjede av aktivitetar som er unik i verds-samanheng.
Denne verdikjeda kan – ved ei felles organisering, bli utvikla til ein modell/eit heilskapleg konsept for korleis det er mogleg å mobilisere til berekraftig utvikling regionalt, nasjonalt og globalt. Dette momentumet må vi nytte oss av! seier partane.

Partane meiner at samarbeidet best kan gjennomførast ved å samle kreftene under ei felles organisatorisk eining. Det vil bidra til ytterlegare meirverdi for partane, marknaden og samfunnet.

Desse partane ønsker å inngå ein intensjonsavtale:

- Organisasjon United Cities som leiar FNs største smartby og bærekrafts program
- Ålesund kommune v/ United Future Lab Norway (Framtidslaben) som er etablert av kommunen med bakgrunn i United Cities si oppfordring om å starte ein lab og ta ei rolle inn mot FNs United for Smart and Sustainable Cities Program.
- NHO Møre og Romsdal som paraplyorganisasjon for næringslivspartnerar
- NTNU som internasjonal forskningsaktør
- Møre og Romsdal fylkeskommune som ein sterk offentleg aktør
- Kommunane Kristiansund og Molde som dei to andre store byane i fylket
- Augment City som Framtidslabens internasjonale kapasitet på digital tvilling og simulering
- The North West som «The North West som samfunnsaktør og internasjonal arena med eventkompetanse»

Partane har ambisjon om å utvikle eit system for korleis dei kan jobbe systematisk og metodisk for å få fart på berekraftig vekst og samfunnsutvikling gjennom blant anna å:

- skape meirverdi lokalt, nasjonalt og globalt med tanke på å aksellerere berekraftig samfunnsutvikling
- levere rådgiving, verktøy og metodar for implementering av berekraft i bedrifter, kommuner og organisasjonar
- utvikle eit heilskapleg konsept for implementering av berekraftsperspektiv i avgjerdsprosessar og strategiar for offentleg sektor og næringsliv
- arbeide for at innhenting og forvaltning av relevant data skjer på ein effektiv og samfunnsnyttig måte.
- sørge for gode eksempel på korleis digital tvilling, simulering og visualisering kan bli brukt i avgjerdsprosessar
- gje råd og veiledning i utvikling av labkonsept og partnerskapsorganisering til andre byar i verda
- etablere seg som ein foregangsaktør for nyskapande arbeidsformer, og vere ein attraktiv ungdomsarena for berekraftig samfunnsending

Organisasjonen- som skal ha eit ideelt formål, skal også drifte Framtidslaben. Framtidslaben blir moderlaben til United Cities og FN Programmet. Laben skal vere ein inspirasjon for andre byar i verda

der United Cities og FN arbeider for etablering av fleire internasjonale berekraftslabar ved å gå frå ord til handling.

I perioden for intensjonsavtalen vil interrimstyret utarbeide forslag til organisasjonsform, forretningsmodell og plan for finansiering.

Partane ser fram til vidare samarbeid med styrka kraft!

United Cities Namn: Kari Aina Eik	Ålesund kommune v/United Future Lab Norway (Framtidslaben) Namn: Bente Glomset Vikhagen	NHO Møre og Romsdal Namn: Espen Remme
NTNU Namn: Annik Magerholm Fet	Møre og Romsdal fylkeskommune Namn: Ole Helge Haugen	Kristiansund kommune Namn: Arne Ingebritsen
Molde kommune Namn: Marianne Aasen Stokkereit	Augment City Namn: Joel Alexander Mills	The North West Namn: Turid Humlen

Fakta om selskapa

United Cities er ein uavhengig, ikkje for profitt-organisasjon, som arbeider for at byar i verden skal få fart på sitt berekraftsarbeid. Organisasjonen har hovudkontor i Wien, Østerrike, og hovudknutepunkt for forskning og utvikling ligg i Norge. United Cities leder internasjonale bærekrafts-programmer for FN og andre organisasjonar.

United Future Lab Norway (Framtidslaben) er etablert av Ålesund kommune med bakgrunn i United Cities si oppfordring om å starte ein lab og ta ei rolle inn mot United for Smart and Sustainable Cities' KPI-måling (nøkkellindikatormåling) av kor smart og berekraftig eit samfunn er. Laben blir drifta av Ålesund kommune og utvikla i samarbeid med partnerane. Laben blei offisielt opna i 2019 og har over 80 partnerar frå akademisk, næringsliv, offentlig sektor og lag og organisasjonar.

Augment City AS er eit dotterselskap av Offshore Simulator Center. Selskapet utviklar, i samarbeid med FN og United Cities, eit verktøy for beslutningstakarar der målet er å forstå komplekse samanhengar og fatte betre strategiske avgjerder; til det beste for ein berekraftig utvikling.

Berekraftsfylket Møre og Romsdal

Berekraftsfylket er eit initiativ frå fylkeskommunen for ei felles regional satsing på berekraft. Målet er at satsinga skal bidra til eit koordinert og metodisk krafttak for å nå FN's berekraftsmål innan 2030. Ambisjonen er å gjere Møre og Romsdal til berekraftsfylke nummer 1 i Noreg. Satsinga omfattar alle kommunane i Møre og Romsdal. Dei tre bykommunane Ålesund, Molde og Kristiansund har saman med fylkeskommunen ei særskilt rolle i arbeidet med fagleg utvikling og samordning. Statsforvaltaren (tidlegare fylkesmannen) har bidratt med skjønnsmidlar for å støtte satsinga.

The North West skal vere ein kontinuerleg pådrivar for berekraftig regionutvikling som dannar grobottn for ein årleg arena i der det blir delt opplevingar, byggjer relasjonar og utvekslar kunnskap. Vidare skal The North West bidra til dialog, utvikling og samarbeid mellom ulike aktørar i regionen, elles i landet og internasjonalt, med føremål å dra nærings- og samfunnsutvikling i retning av berekraftsmåla. [The North West](#)

NTNU Ålesund

NTNU er eit internasjonalt orientert universitet med hovudsete i Trondheim og campusar i Gjøvik og Ålesund. NTNU Ålesund er ein av Norges mest næringsnære campus, der innovasjon og gründerverksemd er ein sentral del av studia. Fleire aktørar knytt til campus er verdsleiarer innan simulering og digital transformasjon. NTNU Ålesund forskar tverrfagleg og har eit viktig engasjement knytt til forskning på korleis KPI-ar knyttet til berekraftsmåling kan visualiserast og simulereast med tanke på å bidra til kunnskapsbaserte avgjerdsprosessar i samfunnet generelt.